



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/3232 - 23/30800

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
24.04.2023

Fråsegn - Hovudplan for skogbruksplanlegging i Vestland fylke.

Landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim, Fedje og Modalen ynskjer med dette å kome med fråsegn/innspel i høve «Hovudplan for skogbruksplanlegging i Vestland 2023 – 2033.

Vi tykkjer det er bra at Statsforvaltaren har utarbeidd slik hovudplan der målet er å kartleggje skogsverdiane fylket og vidare miljøverdiar i skogen og slik kunne kome med tilrådingar til skogeigarar om berekraftig forvaltning av skogen.

Alver kommune fekk utarbeidd takst 2022 og same år fekk vi gjennomført miljøregistreringane. Dette er kommunen nøgd med.

Tilsvarande fekk Modalen kommune utarbeidd takst i 2000. Etter planen skal ny takst gjennomførast i 2028. Miljøregistreringar i Modalen vart gjennomført i 2004. Vi er nøgde med at Modalen kommune er teke med for ny planlagt takst/miljøregistreringar.

For Austrheim kommune sitt vedkomande har denne kommunen ikkje tidlegare fått gjennomført verken takst eller miljøregistreringar. Austrheim kommune er heller ikkje prioritert for framtidig skogbruksplanlegging.

Landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim, Fedje og Modalen meiner at Austrheim må kome på prioriteringslista for framtidig planlegging.

Fedje kommune har ikkje skogbruk av nemneverdig omfang.

Etter ein kort gjennomgang av Austrheim kommune via ortofoto, og der vi har teke med dei viktigaste områda, er det over 1,2km² skog i kommunen – sjå fig. 1 neste side. Vi har rett nok ikkje inngåande kjennskap til hogstklasse, bonitet med meir for desse områda.



Fig. 1. Oversyn over noko av skogen i Austrheim kommune.

Konklusjon:

Vi tører be om at Austreim kommune vert teke med i planen der dei kjem inn på lista over framtidig planlegging for takst og med tanke på miljøregistreringar. Då kommunen ikkje tidlegare har fått slik takst/utarbeidd miljøregistreringar, ber vi om at dette vert gjort så tidleg som mogleg.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER